

---

**Fra:** Kari Patricia Kleppe <Kari.Patricia.Kleppe@hfk.no>  
**Sendt:** 26. april 2017 13:48  
**Til:** Kommunane i Hordaland - Alle  
**Kopi:** Regionalavdelinga - Alle  
**Emne:** VS: Midlar til unike regionale utviklingsprosjekt. Søknadsfrist 15. juni 2017 samt andre midlar kunngjort i april og som er utan søknadsfrist.  
**Vedlegg:** Midlar til unike regionale utviklingsprosjekt med søknadsfrist 15. juni 2017.pdf; Etablerarfond 2017\_Modul32.pdf; Handling\_Naering-2017\_Modul32b.pdf; Tilskotsmidlar til omstilling av industrien i Hordaland\_Modul 22b.pdf

**Til kommunane i Hordalane**

**Ved ordførar, rådmann og ber om vidare formidling til aktuelle organisasjonar og institusjonar.**

## **Midlar til Unike Regionale utviklingsprosjekt**

Hordaland fylkeskommune ønskjer saman med kommunane, næringslivet og andre utviklingsaktørar, å bidra til positiv regional utvikling.

Midlar for 2017 og 2018 vert lyst ut saman og utgjer om lag 10,87 mill. kr, forutset uendra ramme i 2018. (Erstattar dei tidligare "Konsesjonskraftmidlane")

Formål Midlane skal gå til regionale utviklingsprosjekt der målet er å skape noko unikt for heile eller delar av fylket.

Det er ein føresetnad at prosjekta medverkar til å skape gode, attraktive og konkurransedyktige samfunn - lokalt som regionalt.

Kven kan søkje Hordaland fylkeskommune inviterer med dette primært kommunane til å søkje om investeringstilskot til unike regionale utviklingsprosjekt.

Organisasjonar og institusjonar kan også fremje søknader, men må kunne dokumentera god lokal forankring og prioritering frå den aktuelle kommunen.

### **Søknadsfrist 15. juni 2017.**

Ein tek sikte på handsaming av søknadane i Fylkesutvalet 29. september 2017.

Støtta skal gå til investering i lokalt forankra unike utviklingsprosjekt der ein kan skape noko særmerkt som styrkar kommunen og regionen.

Prosjekta bør ha ambisjonar om å verte synlege landemerke i regionen og forvente å ha lokale og regionale ringverknader.

Midlane er primært tiltenkt investeringsformål. Midlane skal ha ein utløysande effekt og føreset at prosjekta er relativt godt utvikla og konkretiserte.

«Midlar Til Unike Regionale utviklingsprosjekt» [www.hordaland.no/regionale-utviklingsprosjekt](http://www.hordaland.no/regionale-utviklingsprosjekt)

**Andre midlar som vart kunngjort i april og som er utan søknadsfrist:**

Hordaland fylkeskommune har i år 21 millioner kroner til delfinansiering av utviklingsprosjekt i Hordaland. Det er mogleg å søke midlar til prosjekt innan næringsutvikling, lokalsamfunnsutvikling og utvikling av attraktive regionale senter. Prosjekta skal medverka til å nå måla i Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2017, og søknadar vert vurdert i høve til handlingsprogrammet. Søknader vert handsama etter kvart som dei kjem inn. [www.hordaland.no/HNH](http://www.hordaland.no/HNH)

## **Hordaland fylkeskommune vidarefører no ordninga med tre regionale etablerarfond:**

Etablerarfond for Sunnhordland: Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes. Kr 792 000

Etablerarfond for Hardanger: Eidfjord, Granvin, Jondal, Kvam, Odda, Ullensvang og Ulvik. Kr 584 000

Etablerarfond for Bergensregionen: Askøy, Austrheim, Bergen, Fedje, Fjell, Fusa, Gulen, Masfjorden, Lindås, Meland, Modalen,

Os, Osterøy, Radøy, Samnanger, Sund, Vaksdal, Voss og Øygarden. Kr 2 624 000

Midlane vert tildelt som tilskot på inntil kr 50 000 til etablerarar og ny næringsverksemd. Tilskotet skal bidra til gjennomføring av tiltak ved oppstart.

Søknadar skal sendast elektronisk gjennom [www.regionalforvaltning.no](http://www.regionalforvaltning.no). Ta kontakt med etablerarfondet i din region for informasjon og rettleiing.

Etablerarfond for Sunnhordland ved Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS. Etablerarfond for Hardanger ved Hardangerrådet IKS. Etablerarfond for Bergensregionen ved Nordhordland utviklingselskap IKS.

## **Tilskotsmidlar til omstilling av industrien i Hordaland:**

Hordaland fylkeskommune har sett av 9 millioner kroner øyremarka til omstilling av industrien i Hordaland. Midlane skalo nyttast som utløysande delfinansiering av konkrete tiltak og prosjekt knytt til kompetanseheving, omstilling, innovasjon og vekst i SMB-bedrifter. For meir informasjon: [www.hordaland.no/omstilling](http://www.hordaland.no/omstilling)

Venleg helsing

**Kari Patricia Kleppe**  
Spesialrådgjevar  
Regional | næring  
**HORDALAND FYLKESKOMMUNE**

Mob: 90993968  
Kari.Patricia.Kleppe@hfk.no

[www.hordaland.no/naring](http://www.hordaland.no/naring) | [www.kom-an.no](http://www.kom-an.no)

